



Anbjørn Høivik er ein ryddig leiar av grunn- og elveeigarlaget

Anbjørn Høivik held fram som leiar av Uskedal grunn- og elveeigarlag. Han vart ikveld attvald under eit av dei ryddigaste årsmøtene som er halde i denne foreningen i dei seinare år og har desse med seg i styret: Andreas Kristoffersen, Frode Stensletten, Johannes Feet og Tor Jarle Kjærland. Lars Haugland er engasjert som kassestyrar,

Rekneskapan for i fjor viste fiskekortsal for 41 478 kroner mot 18 892 året før og eit overskot på 31 258 kroner mot 14 022 kroner året før.

Fisket opna 15. juni og vara til 15. september. Den siste veka var det svært låg vasstand og fisket vart stengt oppstrøms Heio samstundes som berre flugefiske vart tillete nedstrøms. Det vart seld nær 250 døgnkort mot 110 året før. Det vart fanga 508 kilo fisk og 125 kilo vart sett ut att.

3 fungerte som fiskeoppsyn denne sesongen - Knut Inge Eidsvik, Asbjørn Rød og Per O. Bruvold. Ordninga fungerer godt og det kan verta aktuelt å utvida oppsynet med ein eller 2 til. Dei fleste fiskarane følger reglane på ein god måte. Det skjer rykking og underrapportering, men i eit begrensa omfang.

Oppsyna melder også frå om manglande merking, vedlikehaldsbehov og anna på ein god måte. Diverre har ikkje styret hatt kapasitet til å følge opp alle meldingar med tiltak. Det gjelder til dømes skilting.

Ei uromelding om hard beskatning av leppefisk var vidareformidla til fylkesmannen men han peika på at fangst av lappefisk diverre er uregulert.

Laget har vurdert ny heimeside og konkludert med ei samla investering på minst 70 100 -100.000 pluss driftskostnad på 5 000-10 000.. Styret har gått vidare med den same heimesideløysinga som før. Design og

tekniske løysingar ligg ikkje i vegen for å få god nytte av denne. Under årsmøtet vart det sagt at dei ikkje var klår over at ei ny heimeside ville verta så dyr.

Ei av oppgåvene som ikkje er løyst er produksjon av ein driftsplan for elva.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen